



Møtebok
Fjordvegen Rute 13
Styremøte 03.10.2018
Stad: Hotel Ullensvang. Lofthus
Klokka 11:00 – 14:15

Møtte: Gerd Helen Bø, Sigbjørn Hauge, Morten Midlang,
Roald Aga Haug, Arne Bergsvåg, Edmund H. Utne
Irene Heng Lauvsnes deltok på link (telefon) frå kl 12.15

Forfall: Arnstein Menes, Marthe Hammer

Sekretariatet: Jostein Eitrheim, Hanne Sundbø og Trude Rinaldo.

Agenda

03.10.18.:	Kl. 11.00 – 13.00	Sakshandsaming
	Kl. 13.00 – 13.45	Lunsj
	Kl. 13.45 – 15.00	Sakshandsaming

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste. Møtet er lovleg sett.

Saker til handsaming: Alle saker er samrøystes om ikkje anna er nemnt.

Sak 12/18 Meldingar
Det var ingen meldingar framlagde.

Sak 13/18 Årskonferansen 2019
Dato for årskonferansen 2019 vert 3. april.
Det vert styremøte 2. april om kvelden.

- Førebuing
Innhenta pris frå Hotel Ullensvang og First Hotel Kinsarvik
Protokoll på avgjerd:
Ullensvang Hotel er vald som stad for neste års konferanse.
- Aktuelle tema for konferansen kan vera:
NTP Revisjon
Reiseliv
Rasproblematikk:
Korleis vert ras handtert?
Krav til at ein riksveg skal vera open.
Tiltak/vurdering for å kunne stengja ein riksveg
Prioriteringar/fordelingar meir til øvrig riksvegnett.
Fagfolk/politisk sentrale personar som seier noko om prognoser for klimaendringar.

MRK Val til hausten !

Aktuelle innleiarar:
Bjerknessenteret Geofysikar
Storm Geo

Klimarapport for Rv13
Hanne sjekker kostnad og mulighet for å få fram ein slik rapport til konferansen.
Viktig å vera aktiv fram til konferansen.
Vi må verta ei sak i valkampen.
Travel like the locals.

Sak 14/18 Profileringsarbeidet for Fjordvegen Rute13:

Vi held fram med å vera aktive på facebook og instagram.
Nyhendeletter vil koma. Viktig har med intervju med brukarar av vegen.

Medlemsrekruttering:
Administrasjonen oversender firmalister kommunevis med oversikt over føretak som kan kontaktast om mogeleg medlemskap i Fjordvegen Rute 13.
Denne oversikt vert oversendt kvart enkelt styremedlem.

Sak 15/18 Travel like the locals

Orientering frå dagleg leiar
Dette prosjektet er no eit fellesprosjekt mellom Rogaland-Hordaland-Sogn og Fjordane.
Prosjektleiar skal tilsetjast ila kort tid.
Prosjektet disponerer 900.000 i samla prosjektramme.
Det skal arbeidast med ei målsetjing om at "Travel like the locals" kan ha oppstart i dei tre fylka sommaren 2019.

Det er svært viktig at Fjordvegen kjem raskt i dialog med prosjektleiar.
Dette for å sikra at prosjektet inneheld turar i Fjordvegregionen.

Sak 16/18 Møte med Stortingsbenkane

Orientering frå dagleg leiar
Det er no gjort avtale med Hordalandsbenken at vi får møta dei den 4. desember kl 16.20. Vi hadde håp om at Hordalandsbenken kunne organisera eit fellesmøte for oss der også Rogaland og Sogn og Fjordane var med. Det ser det ut til at vi ikkje får til. Rogalandsbenken har møta sine på onsdagar og det kan vera håp om å møta dei den 5. desember. Administrasjonen jobbar vidare med dette og informerer styret om mogelege invitasjonar.

Sak 17/18 Fast post: Gjennomgang av status for Rv 13

Rogaland:
Endring av trase for Rv13 Sandnes
Årdalstunnelen i siste del av NTP
Forskottering av Rødsliane kjem i SU RFK og i dei aktuelle kommunane. Viktig sak å ta opp med Stortingbenken
Mindre rassikringstiltak i Brattlandsdalen.
Hordaland:
Rashendingar i Odda kommune må brukast til å få fokus på problemstillinga.

Oddadalen v/Låtefoss

Deildo ferdig. Opna 25. september

Lysregulering Berget.

Planar om nytt kryss på Vinje. Negativt for Rv13

Myrkdalen har fått auka strategisk betydning.

Sogn og Fjordane:

Viktigheit av Vikafjellet er aukande.

Ny tunnel mellom Vik og Vangsnes, Gotevik-tunnelen. Massar køyrd til deponi mot Vikafjellet. Tenkt som berelag i ny Vikafjellstunnel.

Sak 18/18 Ymse

Uttale ifm rashending Odda-Tyssedal

Styreleiar og dagleg leiar får fullmakt til å godkjenna ordlyd.

Statens vegvesen, Hordaland fylkeskommune, Transport- og kommunikasjonskomiteen.

Det bør jobbast mot fraksjonsmøter den 4. desember.

Jostein Eitrheim
Referent